



AUKRA KOMMUNE
Kommunehuset Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Aukra kommune - varsel om omgjerung av vedtak - eigengodkjenning av detaljregulering for Ormen Lange gassbehandlingsanlegg

Fylkesmannen varslar med dette brevet om at Aukra kommune sitt vedtak om å eigengodkjenne detaljregulering for Nyhamna gassanlegg vil bli vurdert overprøvd med heimel i forvaltningslova § 35, 2. ledd.

Kort om bakgrunnen for saka

Regionale og statlege mynde kan reise motsegn til kommunale reguleringsplanar jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 5-4. Fylkesmannen har i brev av 19.12.2017 fremma motsegn til detaljregulering for Ormen Lange gassbehandlingsanlegg. Motsegn er knytt til samfunnstryggleik og det er vist til at risiko for havnivåstigning og storulukkeverksemd ikkje er vurdert. Motsegn i saka er ikkje trekt.

Aukra kommunestyre vedtok i møte den 19.06.2018 i sak 37/18 å eigengodkjenne detaljregulering for Nyhamna gassanlegg.

Ein rettsleg følgje av at motsegn er reist frå regional eller statleg råka mynde, er at kommunen ikkje har mynde til å treffe endeleg vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan jf. pbl. § 12-12 og §§ 5-5 og 5-6. Manglande mynde til å eigengodkjenne reguleringsplan er ein ugyldigheitsgrunn.

Fylkesmannen ber Aukra kommune gjere greie for saka innan 20.08.2018.

Med helsing

Janne Woie (e.f.)
Ass. direktør

Frida Farstad Brevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.